



Saksframlegg

Saksbehandlar: Anne Gine Hestetun, Leiar for tilsetjingsutvalet
Sak nr.: 18/5817-1

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Tilsetjingsutval	3/18	24.04.2018

Tilsetjing av prosjektleiar/ ny fylkesrådmann - orientering om prosessen

Leiar for tilsetjingsutvalet rår tilsetjingsutvalet til å gjere slikt vedtak:

Orienteringa om arbeidet med tilsetjing av prosjektleiar/ ny fylkesrådmann vert teke til etterretning og tilsetjingsutvalet sluttar seg til den vidare tilsetjingsprosessen.

SAKSFRAMSTILLING

Fylkestinga vedtok reglementet for fellesnemnda i møte 27. oktober 2017, der mynde til å tilsette ny administrasjonssjef vart gjeve til fellesnemnda. Fellesnemnda valde i sitt møte 18. desember (sak PS 5/2017) å nytte tittelen «fylkesrådmann» på denne stillinga. I same møte oppretta fellesnemnda eit eige tilsetjingsutval beståande av arbeidsutvalet (FN-AU) og to representantar frå arbeidstakarorganisasjonane, for å følgje opp rekrutteringsprosessen.

Tilsetjingssaka har vore til vidare behandling i fellesnemnda-AU sitt møte 29. januar, der det vart vedteke å nytte eksternt rekrutteringsfirma i prosessen. Leiar for tilsetjingsutvalet ga i eige notat til utvalet 22. mars ei orientering om forarbeidet til rekrutteringsprosessen fram til denne dato. I notatet vart det gjort greie for tidsplanen med omsyn til prosessen vidare:

- 12. april** søknadsfristen for stillinga.
- 13. april** møte og intervju.
- 24. april kl 0800 fram til kl 1200** sluttintervju med Visindi.
- 24. april** møte i tilsetjingsutvalet. Status for rekrutteringsprosessen.
- 30. april kl 1000** avsluttande møte i tilsetjingsutvalet (stad: Fylkeshuset i Bergen). Møtet vil konkludere med ei innstilling som går til fellesnemnda.
- 4. mai** vert vedtak fatta i fellesnemnda

Måndag 16. april kl 1600 vart søkjarlista gjort offentleg med 6 søkjarar.

I møtet 24. april vil rekrutteringsfirmaet/ leiar for tilsetjingsutvalet orientere om kandidatane og prosessen vidare framover. Ein representant frå rekrutteringsfirmaet Visindi og ein representant frå administrasjonen (Hordaland fylkeskommune) vil vere til stades i dette møtet.

Det er høve til å vurdere om møtet skal verte lukka i samsvar med kommunelova § 31 (4) «når hensynet til personvern krevjer det.»